



Jnr. 1140.19  
GJG/rr

Ordførarar og rådmenn i Sunnhordland  
Ordførar og rådmann i Haugesund kommune  
Ordførar og rådmann i Vindafjord kommune  
Ordførar og rådmann i Fusa kommune

## **INNKALLING TIL MØTE I SAMARBEIDSRÅDET FOR SUNNHORDLAND**

Det vert med dette kalla inn til møte i Samarbeidsrådet

**torsdag 5. desember kl. 14.30 på Stord Hotel.**

### **Då vert føre:**

- |           |   |
|-----------|---|
| Sak 49/19 | Godkjenning av referat frå møte 8. november d.å.                            |
| Sak 50/19 | Uttale til Kraftskatteutvalet sitt framlegg «Skattlegging av vasskraftverk» |
| Sak 51/19 | Nytt arbeidsutval   |
| Sak 52/19 | Skriv og meldingar  |
|           | a) Prosjekt mot forsøpling  |
|           | b) Planretningslinjer for strandsona  |
|           | c) Autopass på ferjer   |
|           | d) Endring i møteplanen for 2020  |
|           | e) Møte i Oslo 27 og 28 januar  |
|           | f) Svar frå Samferdselsdepartementet vedr. Bømlø Fiskerihamn                |
|           | g) Driftsorientering  |
| Sak 53/19 | Ymse  |

### **Tidsplan**

#### **5. desember**

- Kl. 14.30 Møte i Samarbeidsrådet
- Tema:**  
Nasjonale Transportplan
- E39 Hordfast
  - E134

## Andre prosjekt

Med i møtet vert leiar i Hovudutval for samferdsle og mobilitet i Vestland, Jannicke Clarke.

Orientering og drøfting av utbygging ved Sunnhordland Museum v/direktør Linda Øen

Kl. 17.30 Møte slutt  
Kl. 19.00 Aperitiff  
Kl. 19.30 Julemiddag og sosialt samvær

## **6. desember**

### **Representantskap**

Kl. 09.30 **Tema: Beredskapsarbeid, med fokus på brann i ferjer**

#### **Innleiing frå:**

- Brannsjef Atle Josdal, Kvinnherad kommune
- Kystverket v/ Ståle Arild Grimen
- Innlegg frå Sjøfartsdirektoratet, namn ikkje klart

#### Drøfting

Kl. 11.30 Saker til handsaming  
Kort orientering om arbeidet i Samarbeidsrådet

Ca Kl. 12.30 Lunsj

Sunnhordland, 28 november 2019

Gro Jensen Gjerde  
Dagleg leiar

## MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Torsdag 5. desember 2019 kl. 14.30  
Stord Hotel, Stord

Sak 50/19  
GJG

### **UTTALE TIL KRAFTSKATTEUTVALET SITT FRAMLEGG «SKATTEGGING AV VANNKRAFTVERK»**

Kvinnherad kommune har utarbeidd høyringsuttale til Kraftskatteutvalet sitt framlegg «Skattlegging av vannkraftverk».

Kommunedirektør Ragnhild Bjerkvik, Kvinnherad kommune har i epost pr. 27.11 oversendt uttalen til kommunane og bede kommunane om å slutta seg til denne uttalen. Samarbeidsrådet for Sunnhordland fekk i møte 8 november ei orientering om dei utfordringane SKL og regionen vil få dersom framlegget vert vedteke.

Administrasjonen meiner at Samarbeidsrådet bør slutta seg til uttalen frå Kvinnherad kommune, slik den ligg føre.

Uttalen frå Kvinnherad kommune ligg vedlagt – vedlegg sak 50.19.

#### **Framlegg til uttale:**

Samarbeidsrådet for Sunnhordland støttar uttalen frå Kvinnherad kommune, slik den ligg føre.

## MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Torsdag 5. desember 2019 kl. 14.30  
Stord Hotel, Stord

Sak 51/19  
GJG/RR

### **NYTT ARBEIDSUTVAL**

Arbeidsutvalet i Samarbeidsrådet skal vera eit drøftingsorgan som skal arbeida tettare opp mot dagleg leiar og administrasjonen enn Samarbeidsrådet.

AU er ikkje eit formelt organ og Samarbeidsrådet kan i så måte til ei kvar tid bestemme kven som skal sitte i arbeidsutvalet. Det har likevel vore ein uskriven regel dei siste åra at AU har bestått av styret, supplert med vara til styret i tillegg til ein rådmann og ordførar. Det vil seia 4 ordførarar og 2 rådmenn.

På Representantskapsmøte 6 desember vil det nye styret bestå av følgjande:

Ordførar Morten Storebø, Austevoll kommune (leiar)  
Ordførar Mette Heidi B. Ekrheim, Etne kommune (nestleiar)  
Ordførar Linn Therese Erve, Sveio kommune (medlem)  
Ordførar Sammy Olsen, Bømlo kommune (varamedlem)

Administrasjonen føreslår at det nye arbeidsutvalet vert samansett av styret + to rådmenn/kommunedir:

Ordførar Morten Storebø, Austevoll kommune  
Ordførar Mette Heidi B. Ekrheim, Etne kommune  
Ordførar Linn Therese Erve, Sveio kommune  
Ordførar Sammy Olsen, Bømlo kommune  
Kommunedirektør Ragnhild Bjerkvik, Kvinnherad kommune  
Rådmann Magnus Mjør, Stord kommune

Vararepresentantar vert ordførar/rådmann/kommunedirektør i dei respektive kommunane.

**Framlegg til vedtak:**

Samarbeidsrådet for Sunnhordland godkjenner at arbeidsutvalet for perioden desember 2019-2021 vert:

Ordførar Morten Storebø, Austevoll kommune

Ordførar Mette Heidi B. Ekrheim, Etne kommune

Ordførar Linn Therese Erve, Sveio kommune

Ordførar Sammy Olsen, Bømlo kommune

Kommunedirektør Ragnhild Bjerkvik, Kvinnherad kommune

Rådmann Magnus Mjør, Stord kommune

## MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Torsdag 5. desember 2019 kl. 14.30  
Stord Hotel, Stord

Sak 52/19  
GJG

### SKRIV OG MELDINGAR

#### a) Prosjekt mot forsøpling

Administrasjonen har vore i møte med SIM vedrørende prosjektet. Dagleg leiar vil gje ei orientering i møte.

#### b) Planretningslinjer for strandsona

I møte vil styreleiar Morten Storebø orientera om arbeidet.

#### c) Autopass på ferjer

På møte 8. november drøfta Samarbeidsrådet uheldige konsekvensar ved innføring av autopass på ferjene. Det syner seg at kostnadane på nokre av sambanda er blitt svært høge. Ordførar Morten Storebø har utarbeidd ein oversikt over kostnadar ved dei ulike sambanda med takstar frå 2018. Til møte vil desse tala bli oppdaterte. Det vert lagt opp til ei drøfting på korleis Samarbeidsrådet tek saka vidare.

#### d) Endring i møteplanen for 2020

Arbeidsutvalet drøfta i møte 19 november å endra møte i Samarbeidsrådet 20. mars til fredag 13. mars. Møteplan for 2020 ligg vedlagt.

#### e) Svar frå Samferdselsdepartementet vedr. Bømlø Fiskerihamn

Vedlagt ligg svarbrev frå Samferdselsdepartementet vedrørende Bømlø Fiskerihamn.

#### f) Møte i Oslo 27 og 28 januar

Arbeidsutvalet drøfta i møte 19. november kven Samarbeidsrådet bør møta og kva saker som bør drøftast i Oslo 27 og 28 januar. Forslag:

##### Finansdepartementet

- Kraftskatteutvalet
- Havbruksskatteutvalet
- Ferjeavløysingsmidlar
- Skatteoppkrevjaren

##### Finanskomiteen med same saker

**Samferdsle**

- NTP
- Fokus på E134 og E39 Hordfast
- Fiskerihamn på Bømlo

**Kommunal- og Moderniseringsdepartementet**

- Meir midlar til ferjene
- Planretningslinjer for strandsona

I tillegg vert det lagt opp til møte med stortingsrepresentantar frå Hordaland der desse sakene vil vera tema.

**g) Driftsorientering**

Dagleg leiar vil gje ei orientering i møte.